



Mange fine og flinke julebukkar kom på besøk.

**I kveld er 13.dag jul og tradisjonen tru var det mange som var ute og gjekk julebukk. Om det var vind og litt ruske, stoppa ikkje det denne fine tradisjonen. Det var bra med julebukkbesøk sjølv om det ikkje var rekordår hos underteikna i Korsnes dette året. Også i år var det ei glede å ta mot dei, så flinke, blide og høflege som dei var!**

I år var det rundt 40 julebukkar som var inno. Alle var fint utkledd og song svært flott. 'We wish you a merry Christmas' var nok også i år songen som dominerte, men fleire song også 'På låven sitter nissen' og andre fine julesongar. Alle var blide og takka høfleg når dei fekk litt snop.

Julebukkane er eit flott innslag ved utgangen frå jula, og ekstra kjekt vert det når dei er så flinke som dei har vore dei seinare åra. Det var atskillig dårlegare med songen då underteikna og hans jamaldringar gjekk julebukk i si tid.

Dersom det er nokre av lesarane som ikkje har hatt så mange julebukkar på besøk, kan dei kosa seg med biletkavalkaden her på uskedalen.no.





















Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland